

Fyrste utprøving august 2017

Prosjektet har vore svært aktivt sumaren 2017, og resultatet er ein ny aktivitetsmodul til [Moodle](#). JazzQuiz, som modulen heiter, er laga spesielt for å kunna improvisera spørsmål i ein quiz der deltakarane er til stade saman i klasserommet eller auditoriet. Det skal vera didaktikkens svar på jazzens *Jam Sessions*.

Modulen er er førebels ikkje moden nok for distribusjon, men me har brukt han med godt resultat i undervisinga i *Grunnleggjande Matematikk* dei to fyrste vekene av semesteret. Nokre spørsmål vert planlagd på førehand, og systemet let oss inkludera matematiske formlar som vert vist korrekt med matematisk typografi på skjermen. Andre spørsmål vert stilt *ad hoc*. Då vert spørsmålet gjeve munnleg og/eller på tavla, medan studentane svarer gjennom quiz-systemet. Læraren treng to tastetrykk for å starta eit slikt spørsmål og velja svartype, anten fleirsvarsoppgåve, sann/usann, kort svar (tekst), eller algebraisk uttrykk.

Me bruker quizen ikkje berre til faglege spørsmål, men òg til bakgrunns- og evalueringsspørsmål, for å få eit inntrykk av studentane sin bakgrunn, eller kva utbyte dei har.

Dei neste prosjektmåla, som me håper å nå utover hausten, er

1. Rydda opp i og dokumentera programkoden, og klargjera modulen for distribusjon.
2. Leggja til funksjon for rapportering og statistikk av innkomne svar etter at quizøkta er slutt.
3. Betre filtrering av svar, slik at likeverdige svar vert rapport samla, særleg for algebraiske svar.

Modulen vår bruker eksisterande spørsmålstypar i Moodle. Matematiske spørsmål bruker [STACK](#). Når den fyrste versjonen er publisert ope, vil me òg sjå om me kan forbetra og komplementera desse spørsmålstypane. Særleg ynskjer me at studentana skal ha ein grafisk editor for å skriva algebraiske uttrykk.